



Radøy kommune
Radøyvegen 1690
5936 MANGER

Dato: 04.05.2016

Vår ref.: 2016/4625-2

Saksbehandlar: snowaag

Dykkar ref.:

Att. Tonje Nepstad Epland

Fråsegn til mindre reguleringsendring - Selfallet - gnr 45 bnr 415 - Radøy kommune

Vi viser til brev datert 02.05.2016 om høyring av forslag til mindre reguleringsendring for gnr 45/415 i Selfallet, Radøy kommune. Føremålet med endringa er i hovudsak i samsvar med overordna plan der tomt er sett av til bustadføremål. Endringsforslaget medfører endring av føremål frå einebustad til tomannsbustad.

Hordaland fylkeskommune vurderer saka ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar.

For utfyllande planfaglege råd viser vi til internettssidene våre: www.hordaland.no

Vurdering

Planfaglege merknader

Med bakgrunn i størrelse på den aktuelle tomt er det fremja søknad til kommunen om å fortette ved å oppføre tomannsbustad i staden for einebustad. Utover dette vert det opplyst at tiltaket er innafor alle krav i reguleringsplanen for Selfallet (Plan id: 12602006000400). Bygninga vil bli plassert innafor byggegrenser og mønehøgde er innafor reguleringsplan.

Føresegn i reguleringsplan §3.1.3 seier «*I einebustadene kan det innreiast ei bueining nr. 2*». Dette tilseier at ei endring frå einebustad til tomannsbustad ikkje nødvendigvis vil medføre meir trafikkbelastning i bustadfeltet. I vedlagt søknad vert det informert at det er lagt opp til felles avgjørsel og parkering på eigen grunn med avsett plass til en dobbel garasje.

Basert på framlegga i saka har ikkje fylkeskommunen innvendingar på ønsket om mindre reguleringsendringar til gnr 45 bnr 415 i Selfallet, Radøy kommune.

Konklusjon

Hordaland fylkeskommune har ingen vesentlege merknader til planforslaget.

Eva Katrine R. Taule
kst. plansjef

Snorre Waage
saksbehandlar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Saksbehandlar:

Snorre Waage, Seksjon for plan - REG AVD, REGIONALAVDELINGA

Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland